

Møte nr. 3 - 2012

Kontrollutvalet i Forsand
VERT KALLA INN TIL MØTE
18. juni 2012 kl. 13.00 i Møterom oppe
Møtet er opent for publikum og presse

SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

- 16/12 [Godkjenning av protokoll frå møtet 7. mai 2012](#)
- 17/12 [Kommunens tertialrekneskap 30.04.2012](#)
- 18/12 [Rekneskapoversikt kontroll og tilsyn pr 30.04.2012](#)
- 19/12 [Kontrollutvalets oppgaver og ansvarsområde - forvaltningsrevisjon](#)
- 20/12 [Presentasjon av overordna analyse til ny plan for forvaltningsrevisjon](#)
- 21/12 [Ny plan for forvaltningsrevisjon - oversikt over innkomne forslag til prosjekter, førebuing til prioritering](#)
- 22/12 [Statusoversikt juni 2012](#)

EVENTUELT

REFERATSAKER/MELDINGAR

Periode: 08. mai 2012 - 18. juni 2012

Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
1/12	200800030-61	Melding om vedtak - Årsmelding 2011 - Kontrollutvalet

Rådmann og økonomileiar er invitert til møtet til sak 16

Vennleg meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 97 65 91 eller mobil 414 46 180, eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall vert varamedlemmer innkalla serskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må og gje melding dette, slik at varamedlemmer kan innkallast.

Evt. saker merka (Unnateke offentleggjering i medhald av off.l) sendast berre til medlemmer/varamedlemmer.

Forsand, 11. juni 2012

Wenche Selvik
Leiar av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland
Sekretariatet

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 201100005
Arkivkode : E: 049
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 18.06.2012	Utvallsaksnr. 16 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 7. MAI 2012

Sjå vedlagt protokoll frå kontrollutvalet sitt møtet 7. mai 2012

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møtet 7. mai 2012.](#)

SANDNES, 7. juni 2012

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Protokoll frå møtet 7. mai 2012.](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800182
Arkivkode : E: 212
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 18.06.2012	Utvallsaksnr. 17 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

KOMMUNENS TERTIALREKNESKAP 30.04.2012

Bakgrunn

Kontrollutvalet er ikkje med i sjølve behandlinga av økonomirapportane i løpet av året. Men for å halde seg orientert om utviklinga i den løpande drifta i kommunen, får Kontrollutvalet økonomirapportane framlagt til orientering.

Saksutredning

Vedlagt ligger økonomirapporten pr 30. 04.2012, me visar til denne.

Rådmannen og økonomisjefen er invitert til møtet for å orientere om rapporten.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek kommunens tertialrapport med for 1. tertial og rådmannens utgreiing i møtet til orientering.

SANDNES, 7. juni 2012

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Tertialrapport 1. tertial 2012](#), med [vedlegg](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800209
Arkivkode : E: 212
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 18.06.2012	Utvalssaksnr. 18 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

REKNESKAPSOVERSIKT KONTROLL OG TILSYN PR 30.04.2012

Bakgrunn

Kontrollutvalet har ansvar for å lage forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Dette inneber og at utvalet har ansvar for å fylje opp budsjettet på sitt område. Oppfyljinga skjer tertialvis, på same måte som resten av kommunen.

Saksutgreiing

Rekneskapsoversikta visar at eit samla forbruk på kr 132.250,- som utgjer 19 % av årsbudsjettet til kontroll og tilsyn.

Kontrollutvalet har berre brukt kr 1.000,- av sitt budsjett. Dette skuldast at godtgjersle til politikarane ikkje er utbetalt enno.

Utgifter til kjøp av sekretariatstenester vert fakturert kvart kvartal. Her er det såleis brukt ein tredjepart av budsjettet.

Kjøp av revisjonstenester utgjer 20,6%. I fylgje oversikta frå revisjonen manglar fakturaen frå april, som kommunen har ført på mai. Tek ein omsyn til denne ville forbruket vore 32% av forbruket. Revisjonen kommenterar tala sine slik: *"Forbruk 2012: I regnskapsrevisjonen er årsoppgjør 2011 gjennomført og interimrevisjonen for 2012 påbegynt. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for 6.termin 2011 og for 1. termin 2012. Blant særattestasjonar kan nevnes bekreftelse av tilskudd til ressurskrevende brukere og antall psykisk utviklingshemma som den mest tidkrevende. Innen forvaltningsrevisjon er overordnet analyse under arbeid og blir levert til juni-møtet"*

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand tek rekneskapsoversikta pr 30.04.12 til orientering](#)

SANDNES,

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr 30.04.2012](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)



Kontrollutvalet i Forsand

Arkivkode: E: 212
Saksnr. : 200800209

Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr 30.04.2012

	Vedtak Kst.	Forbruk 1. tertia	%
Kommunens regnskap viser:			
Godtgjersle politikarar mm.	57 000		
Kurs og oppl�ring	15 000		
Reiseutgifter mm.	10 600		
Kontingentar	1 000	1 000	100,0 %
Kj�p konsulenttenester m.m.	40 000		
Kontrollutvalssekretariatet	96 000	32 000	33,3 %
Sum utgifter kontrollutvalet	219 600	33 000	15,0 %
Kj�p tenester fr� revisjonen	354 375	73 000	20,6 %
Mva	123 025	26 250	21,3 %
Budsjettramme	697 000	132 250	19,0 %

	Vedtak Kst.	Forbruk 1. tertia	%
Fr� oversikta til revisjonen			
Regnskapsrevisjon, attestasjonar mm.	266 625	99 900	37,5 %
Forvaltningsrevisjon/selskapskontroll	87 750	12 825	14,6 %
Sum kj�p revisjonstenester	354 375	112 725	31,8 %

[Tilbake](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800030
Arkivkode : E: 033
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 18.06.2012	Utvallsaksnr. 19 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

KONTROLLUTVALETS OPPGÅVER OG ANSVARSOMRÅDE - FORVALTNINGSREVISJON

Bakgrunn:

I forbindelse med opplæring av det nyvalde kontrollutvalet, vedtok utvalet på første møte at dei på møtet i juni 2012 skulle ha ein gjennomgang av forvaltningsrevisjon.

Saksutredning:

Gjennomføring av årlig forvaltningsrevisjon ble en lovpålagt oppgave for kontrollutvalet i 2004.

Revisor vil gjennomgå kva ein forvaltningsrevisjon er, korleis den vert gjennomført og elles kome med nyttige tips for kontrollutvalet.

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand tar revisors gjennomgang av temaet "Forvaltningsrevisjon" til orientering.](#)

SANDNES, 7. juni 2012

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800057
Arkivkode : E: 144
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 18.06.2012	Utvallsaksnr. 20 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

PRESENTASJON AV OVERORDNA ANALYSE TIL NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Bakgrunn:

I sammenheng med opplæringa der temaet i dette møtet er forvaltningsrevisjon, vil revisor som en del av gjennomgangen og presentere den overordna analysen. Analysen vart bestilt av det førre kontrollutvalet (sjå vedlegg).

Saksutredning:

Som et ledd i utarbeidinga av plan for forvaltningsrevisjon skal det utarbeidast ein overordna analyse. Den overordna analysen skal gi risiko- og vesentlegheitsvurderingar av kommunen si verksemd, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon i de ulike sektorar og verksemdar.

I tillegg til den overordna analysen har kontrollutvalet og innhente informasjon frå kommunens administrasjon, politisk leiing, revisor, sekretariat og eigne erfaringar.

Analysen er bakgrunnsmateriale, som utvalet har med seg i det vidare arbeidet, og vert brukt i når kontrollutvalet no skal prioritere kva prosjekt dei vil ha med i planen. Analysen vert og eit vedlegg til planen.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tar presentasjonen av overordna analyse til foreløpig orientering. Kontrollutvalet kjem tilbake til den overordna analysen når utvalet skal prioritere prosjekta.

SANDNES, 7. juni 2012

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Overordna analyse 2012-2015 \(eige hefte\)](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800057
Arkivkode : E: 144
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 18.06.2012	Utvalssaksnr. 21 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON - OVERSIKT OVER INNKOMNE FORSLAG TIL PROSJEKTER, FØREBUING TIL PRIORITERING

Bakgrunn

Kontrollutvalet har i samanheng med arbeidet med ny Plan for forvaltningsrevisjon bede om innspel til moglege prosjekt frå både kommuneadministrasjon og politiske leiare. Kontrollutvalet fekk innspel frå rådmannen i møtet 13. februar. Kontrollutvalet har hatt eige møte med politiske leiare 19. mars.

Saksutgreiing

Sekretariatet har laga eit notat der innspela som er kome til nå er lista opp, sjå eige vedlegg. Eit fyste utkast til planen ligg og ved saken som eige dokument.

Før kontrollutvalet startar med utveljinga bør kontrollutvalet ta ein runde kor dei sjølv kjem med innspel til planen.

Av dei innkome forslaga og kontrollutvalet sine eigne forslag skal kontrollutvalet prioritere kva områder dei ynskjer å sjå nærare på i komande periode. Desse skal vurderast både ut frå risikomomenta som er nemnde i overordna analyse, og ut frå kontrollutvalet sine eigne vurderingar.

Den overordna analysen er og eit viktig dokument i dette arbeidet, og ligg ved som eige hefte. Kontrollutvalet må ta denne med på seinare møtet kor planen skal behandlast. Den kan og vere aktuell å ha med når prosjekter skal bestillast

For å lette kontrollutvalet sitt arbeid med prioriteringane er det lagt ved eit eksempel på ei matrise som kan nyttas for å få fram dei mest aktuelle prosjekta. Me vil i møtet nytte denne matrisa i eit større format. Kontrollutvalet vert utfordra til å starte arbeide med å prioritere aktuelle prosjekt i dette møtet.

Kontrollutvalet i Forsand har midlar til ca 4-5 prosjekt i komande 4-årsperioden. Utvalet bør likevel ta opp at planen ein gong i perioden for å sjå om det kan planen treng justering, då det fokusområdar og risikobilde fort kan endrast.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet ber sekretariatet notere kontrollutvalet sine foreløpige vurderingar. Saken settes på ny på neste møte for å fullføre/arbeide vidare med prioriteringane.

SANDNES, 7. juni 2012

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Samla oversikt over mottatte innspel](#)

[Første utkast til Plan for forvaltningsrevisjon](#)

[Eksempel på matrise til bruk ved utveljing av aktuelle prosjekter](#)

[Overordna analyse](#) er lagt ved sakslista som eige hefte.

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

Notat

Arkivkode: E: 144
Saksnr. : 200800057

Til : Kontrollutvalet i Forsand

Frå : Per Kåre Vatland

Dato : 07.06.2012

Innkomne innspel til ny plan for forvaltningsrevisjon

I dette dokumentet oppsummerar me alle innkomne innspel til den ny planen for forvaltningsrevisjon.

Innspel frå kontrollutvalet

Innspel frå politikarane

Politikarane kom med følgjande innspel:

Eit overordna mål må være at kommunen har nytte av de prosjekta som blir bestilt, og at ein ikkje tar forvaltningsrevisjon innanfor områder der alle problemstillingane er kjende frå før.

- **Finansforvaltning.** Høg gjeld, disponering av midlar – lite innsyn. Sak reglement juni 2010 uferdig, bør gås gjennom på nytt. Kva risiko er knytt til kommunen sine plasseringar?
- **Vei, vann og avløp.** Klimaretta tiltak /beredskap. Fare for flaum, førebygging, behov for investeringar
- Henvendingar frå innbyggjarane: Vidare oppfølging av tidligare rapport? Ting som tydar på dårlig oppfølging – og dårlige problemstillinger, da innbyggjarane ikkje vart spurde
- Barnevern: Store budsjettoverskridar – kva skuldast dette?
- Forsand Elverk KF. Overheldast kommunestyret sine vedtak og anna regelverk? Korleis utøvar kommunen sitt eigarskap? Korleis utøvast eigarrolla i årsmøtet på bakgrunn av den måten dette avvikla på (saman med kommunens årsmøte) Prising (nettleie), oppfølging av saker? Rapportering til eigarane
- Oppfølging av lover og regler som kan føre til erstatningsplikt – har kommunen oversikt over slike saker? Foretas ROS-analysar som kan gi kommunen oversikt?
- Rutinar for utføring/oppfølging av politiske vedtak. Er lovet i lengre tid, kva kvalitets-sikring har kommunen på oppfølging av saker?
- Plan og utvikling – strategiar (strategiar er under utarbeiding)
- Næringsutvikling – strategiar

- Legekontoret. Finansiering, kva får man igjen for pengane?
- Pleie- og omsorg. Arbeidsmiljø, - høgt sjukefråvær, kva er årsaka til dette? (en plan for dette er underutarbeiding, må følgjast nøye)
- Teknisk: Eigeomsforvaltning/vedlikehald/byggesak/planarbeid (litt uspesifisert, vert lover og regelverk halde?)

Innspel frå administrasjonen

Rådmannen kom i møte med fylgjande innspel til plan for forvaltningsrevisjon:

1. Barnevern
 - Det er høg aktivitet i barnevernet. Kva kan vere årsak?
2. ATO
 - Evaluering av verksemda. Effektivitet, produktivitet og måloppnåing.
3. Sjukeheimen
 - Evaluere drifta. Effektivitet, produktivitet og måloppnåing.

Innspel frå sekretariatet

1. Kommunalt arkiv:
 - a. Kommunen sitt arkiv er viktig for å sikre dokumentasjon av kommunen sin behandling saker. Men det er og viktig for å sikre innbyggjarane sin rettstryggleik, som til dømes i erstatningssaker.
 - b. Det er stort fokus på at kommunane har ei open saksbehandling og difor er det viktig at kommunens arkiv vert gjort tilgjengeleg for innbyggjarane.
 - c. Tap av arkivmateriale kan verte meldt til politi.
2. Kommunen sin beredskap og beredskapsplan
 - a. Har kommunen gode nok planer for beredskap? Både med bakgrunn i endringar i klima og erfaringar etter 22. juli – er kommunen godt nok budd for det uventa
 - b. Det er viktig at kommunen sin beredskapsplan som er oppdatert. Planen må vere godt kjend i organisasjonen, slik at alle kjenner si rolle i ein eventuell krisesituasjon. Det må holdas jamlege beredskapsøvingar.
 - c. Planen skal bygge på ei risiko og sårbarheitsanalyse (ROS) som og bør vere gjenstand for jamleg oppdatering.

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

[Tilbake](#)



Forsand Kommune

Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2015

Vedteke av kommunestyret DD. MMM 2012

INNHALD

INNHALD.....	13
PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON FINNØY KOMMUNE.....	14
1. INNLEIING.....	14
2. AKTUELLE OMRÅDE FOR FORVALTNINGSREVISJON	14
2.1 Kommunens verksemd	14
2.2 Kommunalt heileigde selskap.....	14
3. AKTUELLE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT FOR PERIODEN 2012 - 2015	15
3.1 Generelt.....	15
3.2 Prioriterte prosjekt for forvaltningsrevisjon	15
Eksempel:.....	15
4. PROSJEKT SOM ER VURDERT, MEN IKKJE ER PRIORITERT	16
5. RAPPORTERING OM GJENNOMFØRT FORVALTNINGSREVISJON	17
6. OPPFØLGING AV GJENNOMFØRT FORVALTNINGSREVISJON	17
Vedlegg til planen:	17

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON FORSAND KOMMUNE

INNLEIING

I tråd med Forskrift om kontrollutval, § 10, skal kontrollutvalet utarbeida ein plan for forvaltningsrevisjon basert på ein overordna analyse av kommunens verksemd. Planen skal vedtas av kommunestyret. Kontrollutvalet legg opp til at planen skal rullerast etter 2 år med rapportering til kommunestyret.

Forvaltningsrevisjonsarbeidet har etter kvart blitt ein sentral del av kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunal sektor og det er derfor viktig at kontrollutvalet og kommunestyret bruker plan for forvaltningsrevisjon som eit reiskap for å utøva ein mest mulig målretta og effektiv tilsynsfunksjon i kommunen. Kontrollutvalet vil ha planen til fortløpande vurdering og gi tilbakemelding til kommunestyret dersom det oppstår forhold som gjer dette nødvendig.

Plan for forvaltningsrevisjon bygger på ein overordna analyse av verksemda i Forsand kommune ut frå ei risiko- og vesentlegheitsvurdering. Denne analysen er utarbeidd av kommunens revisor, og er eit vedlegg til planen.

Formålet er å bidra til at Forsand kommune driv si verksemd etter gjeldande lover og føresegn, og oppnår dei målsettingane som kommunen har sett for si verksemd i vedtekne planar, budsjett, årsmeldingar og andre politiske vedtak.

AKTUELLE OMRÅDE FOR FORVALTNINGSREVISJON

2.1 *Kommunens verksemd*

Kommunens verksemd er i stadig endring. Organisasjonsmessige forhold og eksterne føresetnader knytt til økonomi, statlige føringar og krav m.m. vil variera i løpet av nokre år. Desse variasjonane kan ha innverknad på kva for område der det er mest hensiktsmessig å setta inn ressursar til forvaltningsrevisjon. Denne planen er derfor utarbeidd med tanke på forvaltningsrevisjon i kommande 4-årsperiode, men med ei gjennomgang etter 2 år for mulig rulling.

Prosjekta som vert trekt fram her er fleire enn det som er realistisk å gjennomføra i løpet av perioden. Kommunestyret delegerer til kontrollutvalet å foreta nødvendige og grunngitte endringar frå prioriteringane i planen. Det er av budsjettmessige grunner ikkje realistisk å få gjennomført meir enn 4-5 prosjekt i denne planperioden.

2.2 *Kommunale føretak*

Kommunale føretak er ein integrert del av kommunen, og er difor underlagt forvaltningsrevisjon etter same reglar som den andre kommunale forvaltninga. Aktuelle føretak i Forsand kommune er:

- Forsand Elverk KF

2.2 Kommunal heileigde selskap

Gjennomføring av ein avgrensa forvaltningsrevisjon i kommunalt heileigde selskap er eit valfritt alternativ dersom selskapet (IKS eller AS) er heileigd av kommunane, jfr. Kommunelovens § 80. Dette kan vera aktuelt dersom funn frå obligatorisk eigarskapskontroll knytt til gjennomført selskapskontroll, tips eller politiske vedtak/føringar viser at det er forhold som kontrollutvalet meiner bør bli nærare undersøkt. Det vert her vist til eigen Plan for selskapskontroll.

AKTUELLE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT FOR PERIODEN 2012 - 2015

3.1 Generelt

Omfanget av forvaltningsrevisjon er avhengig av identifisert behov og dei ressursar som vert stilt til rådighet for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømmende og vil ikkje kunne ta omsyn til alle forhold. Den må sjåast på som eit verktøy til å foreta ei prioritering av område/tema som er aktuelle for forvaltningsrevisjon, saman med innspela som er mottatt.

3.2 Prioriterte prosjekt for forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet har med bakgrunn i det som er nemnt over vurdert nedanforståande områder/tema som prioritert for forvaltningsrevisjon i 2012-2015.

Opplistinga er ikkje i prioritert rekkefølge. Kvart tema vil bli nærmare utdjupa og avgrensa i dialog med revisor i forbindelse med endelig bestilling av undersøkingane:

Eksempel:

INNKJØP

Kommunen skaffar varer og tenester for store beløp gjennom si verksemd, både til driftsformål og i forbindelse med investeringar. I den forbindelse er det aktuelt å få jamlege vurderingar av om kommunen følgjer regelverket for offentlige anskaffingar og lokale bestemmingar/vedtak.

PROSJEKT SOM ER VURDERT, MEN IKKJE ER PRIORITERT

Kontrollutvalet har mottatt desse innspela, som ut frå den overordna analysen og kontrollutvalet sine andre vurderingar ikkje vart prioritert:

RAPPORTERING OM GJENNOMFØRT FORVALTNINGSREVISJON

I tråd med forskrift om revisjon § 8 skal revisor rapportere fortløpande til kontrollutvalet om resultat av gjennomført forvaltningsrevisjon i form av ein utarbeidd rapport. Vidare er kontrollutvalet pålagt å rapportera tilsvarande til kommunestyret. Med mindre kommunestyret vedtar spesielle føresegn for når og korleis denne rapporteringa skal gå føre seg er det opp til kontrollutvalet å finna form og frekvens for dette. I tråd med tidligare praksis vil kontrollutvalet vidareføra ei fortløpande rapportering til kommunestyret etter kvart gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt.

OPPFØLGING AV GJENNOMFØRT FORVALTNINGSREVISJON

Kontrollutvalet skal etter gjennomført forvaltningsrevisjon sjå til at kommunestyrets vedtak i samband med behandling av rapport om forvaltningsrevisjon vert følgt opp.¹ av administrasjonen. Det skal også rapporterast om tidligare saker som etter utvalets meining ikkje er blitt følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Rapportering til kommunestyret om oppfølging av forvaltningsrevisjon vil skje gjennom oversending av enkeltsaker til orientering.

Vedlegg til planen:

Overordna analyse av Forsand kommune

[Tilbake](#)

¹ Forskrift om kontrollutval § 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter

Vedlegg: Konsekvensanalyse

Konse- kvens		
Stor	Stor konsekvens, liten sannsynlighet	Stor konsekvens Stor sannsynlighet
Liten	Liten konsekvens Liten sannsynlighet	Liten konsekvens Stor sannsynlighet
	Liten	Stor
	Sannsynlighet	

[Tilbake](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800045
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 18.06.2012	Utvalgssaksnr. 22 /2012
--	-------------------------------	-----------------------------------

STATUSOVERSIKT JUNI 2012

Bakgrunn

Statusoversikta er som vanleg oppdatert fram til dette møtet.

Saksutgreiing

Overordna analyse vert presentert i dette møtet. Kontrollutvalet har ein forvaltningsrevisjon og ein selskapskontroll i bestilling som skal leverast seinare i år.

Kontrollutvalet har to selskapskontrollar som skal følgjast opp etter sommaren, og ein forvaltningsrevisjon som skal følgjast opp siste møtet i år.

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand tek statusoversikt juni 2012 til orientering](#)

SANDNES,

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Statusoversikt juni](#)

[Saksliste](#)

[Meldingar](#)

[Førre](#)



Kontrollutvalet i Forsand
Statusoversikt juni 2012

Arkivkode: E: 216
Saksnr. : 200800045

Saker² frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

<i>Forvaltningsrevisjonar</i>	Vedtatt satt i gang	Estimert timeforbruk	Status / forventa ferdig	Merknad
1. Innkjøp til drift og investering	29.11.11			
<i>Selskapskontrollar</i>				
1. Interkommunalt arkiv (IKA) IKS	07.15.12	3 timar	Haust 2012	
<i>Andre saker</i>				
1. Overordna analyse til ny plan for forvaltningsrevisjon	24.05.11	30-40 timar	18.06.12	

Saker under politisk handsaming og til vidare oppfølging

<i>Forvaltningsrevisjonar</i>	Tinga	Handsama	Handsama av km/ dato	Planlagt følgd opp	Kommentar
1. Kommunen sitt styringssystem	30.11.10	29.11.11	Kst: 21.03.12	03.12.12	
<i>Selskapskontrollar</i>					
1. Rogaland Revisjon IKS	12.04.11	30.08.11	Kst: 25.10.11	Sept.2012	
2. Ryfylke Miljøverk IKS	19.04.10	12.04.11	Kst: 10.05.11	Sept.2012	
<i>Andre saker til oppfølging</i>					
1.					

Saker som er avslutta

<i>Forvaltningsrevisjonar</i>	Tinga	Handsama av K.utv	Handsama av / dato	Følgd opp av K.utv.	Kommentar
1.					
<i>Selskapskontrollar</i>					
1.					
<i>Andre saker til oppfølging</i>					
1.					

[Tilbake](#)

² Forhold vedrørende ein sak, som blir behandla i dette møtet er skrive med kursiv

REFERATSAKER

Periode: 08. mai 2012 - 18. juni 2012

Nr. **Referatsakstittel**

1/12 [Melding om vedtak - Årsmelding 2011 - Kontrollutvalet](#)

[Saksliste](#)



Rogaland kontrollutvalgssekretariat

Dato: 24.05.2012

Vår ref.: 12/271-34/K3-&14//BVG

Saksbeh. e-post:

bvg@forsand.kommune.no

Saksbeh. tlf.: 51 700 108

Dykkar ref.:

Att:

Melding om vedtak

Årsmelding 2011 - Kontrollutvalet

Kommunestyret behandla saka i møtet den 16.mai 2012, og følgjande vedtak blei gjort:

Kommunestyret tek årsmelding for kontrollutvalet 2011 til orientering.

.

Sjå vedlagte saksutgreiing.

For rådmannen

Bodil Vika Gjesteland
politisk sekretær

[Tilbake](#)



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG		
Saksnr	Utval	Dato
033/12	Kommunestyret	16.05.2012

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K3-&14	Kkontrollutvalet	12/271 - 30 12/3878

Vedlegg:	Tittel	Dok.ID
Dok.dato		
07.05.2012	Årsmelding 2011	63009

Årsmelding 2011 - Kontrollutvalet

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek årsmelding for kontrollutvalet 2011 til orientering.

Behandling i Kommunestyret 16.05.2012

Samrøystes vedtak

KS-033/12 Vedtak:

Kommunestyret tek årsmelding for kontrollutvalet 2011 til orientering.

Rådmannen

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
3	I	16.02.2012	Brannvesenet Sør Rogaland IKS	Årsmelding skjenkekontroll 2012
8	I	14.03.2012	PPT for midt Ryfylke	Årsmelding 2011
23	I	15.04.2012	Den norske kyrkja Forsand kyrkjelyd	Årsmelding for Forsand sokn
24	I	17.04.2012	Interkommunalt Utvalg mot Akutt Forurensing	Årsberetning 2011 reknskap 2011
28	I	25.04.2012	Senter mot seksuelle overgrep	Årsrapport 2011 SMSO Rogaland

Anna		
Utval	Høyring	Behandling
Ungdomsråd		
Eldreråd		
Råd for funksjonsh.		
Arbeidsmiljøutval		

